



# Frå eldst til yngst

Plan for overgangar i opplæringsløpet  
i  
Nissedal kommune

Revidert hausten 2020/vinteren 2021

## Forord

I § 6 i *Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver* er det nedfelt at barnehagen i samarbeid med føresette og skulen skal leggje til rette for at overgangen frå barnehage til skule og SFO blir trygg og god. Barnehage og skule bør utveksle kunnskap og informasjon som utgangspunkt for samarbeid om tilbodet til dei eldste barna i barnehagen, overgangen deira til og oppstart i skulen. Barnehagen må ha samtykke frå føresette for å dele opplysningar om einskildbarn med skulen.

Denne planen blei utarbeidd i 2016-2017 for å betre og kvalitetssikre samanhengen mellom barnehage og skule i Nissedal kommune.

Dette dokumentet er meint som informasjons- og arbeidshefte for førskulelærarar og lærarar i 1. klasse, slik at samanhengen mellom barnehage og skule kan sikrast på best mogleg måte. Det også meint som eit informasjons- og arbeidsdokument for tilsette i barnehage og skule.

Skule og barnehage skal samarbeide med føresette i samband med overgangar.

Barnehagane og skulane i kommunen er ulike med omsyn til storleik, innbyrdes plassering og organisering. Dette gjer til at denne planen må sjåast på som overordna. Om det er lokale forskjellar så kjem dette tydeleg fram.

Planen er bygd opp som eit årshjul med både allmenne og spesialpedagogiske omsyn. Planen er laga for å synleggjere det ansvaret både barnehage og skule har for å ivareta kvart einskilt barn på beste måte.

Planen skal rullerast hausten 2020 eller tidlegare om noko skulle tilseie det. Ev. endringar undervegs innarbeidast i samband med tertialrapport.

**Den reviderte planen er vedteken av kommunestyret 06.05.21 og gjeld for alle barnehagane og skulane i Nissedal kommune.**

**Mandatet for arbeidsgruppa ved utarbeiding i 2016-2017 var:**

- Å utarbeide eit verktøy som sikrar gode rutinar for samanhengen mellom barnehage og skule og mellom hovudstega i skulen.
- Å sikre god informasjon mellom tilsette i skule og barnehage og mellom tilsette i barnehagen og i skulen.
- Å sikre god informasjon mellom barnehage/skule og heimane.  
Å implementere ein heilskapleg plan for overgangane i opplæringsløpet i Nissedal kommune.

**Arbeidsgruppene har vore samansett styrarane, rektorane og einingsleiar**

Revidering hausten 2020 er gjort ved innspel frå tilsette i barnehage og skule til hhv. styrar- og rektorgruppa. Planen er lagt fram med endringar til informasjon i rådsorgana vinteren 2021. Vinteren 2021 har ei arbeidsgruppe bestående av prosjektleiarane for prosjektet «Ung i Nissedal», samt rektor og lagleiar ved Nissedal ungdomsskule utarbeidd eit nytt kapittel i planen som omhandlar oppfølging av elevane våre på vidaregåande skule, som eit tiltak for å redusere fråfall.

## Innhold

Forord .....	2
Overgang frå førskulealder/barnehage til skule .....	4
Overgang frå småskule til mellomsteg .....	10
Overgang frå mellomsteg til ungdomssteg .....	11
Overgang frå ungdomsskule til vidaregåande skule .....	13
Oppfølgingstenesta .....	15
Gjennomføring av vidaregåande skule .....	15

## Overgang frå førskulealder/barnehage til skule

Mål: Trygg og god skulestart

Tidspunkt	Kva skjer	Ansvarleg	Mål
August	Planlegging av felles aktivitetar for 5-årsklubben. Avklaring av ansvar for turar og liknande.  Kyrkjebygda: Barnehage og skule nyttar felles uteområde og turområdet (heile året).	Pedagogiske leiar som har ansvar for 5-årsklubben det barnehageåret, ein frå kvar barnehage.	Samkjøre og lage møteplassar for 5-åringane i kommunen.  Dra nytte av oppvekstsenterfordelane.
	Felles morgon-SFO (Heile året).	Rektor og styrar	Felles leik, halde på vennskapsbånd.
	Ein time felles «utegym» i veka.	Pedagogar	
September	Informere skulen om elevar som opplagt treng enkeltvedtak frå skulestart neste haust. Barnehagen innhentar samtykke frå føresette. Barnehagen dokumenterer dersom foreldra ikkje gjer samtykke	Spesialpedagogen i barnehagen.	Vurdere eventuelle tilpassingar ved skulen. Sikre kompetanse Sikre økonomiske resursar
September	Alle 5-åringane skal gjennomføre kartleggingsskjema begrepsforståing.	Pedagogiske leiare som har ansvar for 5-årsklubb i den enkelte barnehage.	For å finne ut kva dei enkelte 5-åringane treng å bli møtt med i 5-årsklubben. Innhald og aktivitetar bli lagt opp etter deira nivå.
Oktober	1. klassingane besøker barnehagane; tur.	Barnehagen tek initiativ	Bli kjent med 1. klasse, få besøk av gamle vener. Møteplass mellom barnehage og skule.
	Kyrkjebygda: 5-åringane deltek på TV-aksjonsarrangement.	Felles ansvar	
Oktober – veke 40	Samarbeidsmøte mellom førskulelærar og kontaktlærar 1. kl.	Kontaktlærar kallar inn	Informasjonsutveksling. Evaluere overgangen.

November	Kyrkjebygda: Prøveskule ein time i månaden (med eting og felles friminutt) fram til påske.	Lærar og styrar (pedagog).	
Desember	Lucia i nærmiljøet. skulen og 5-årsklubben	Skule to veker på førehand	Møteplass og felles aktivitet mellom barnehage og skulen.
	Kyrkjebygda: Jolebord i barnehagen. 1. klasse vert invitert.	Styrar	Møteplass og felles aktivitet mellom barnehage og skulen.
	Luciamarkering saman med førskulebarna, 1.og 2.klasse	Rektor og styrar	
	Felles joleavslutning for oppvekstsenteret	Rektor og styrar	
Så tidlig som råd etter sakkyndig vurdering i januar	Overgangsmøte om born med særskilte behov mellom barnehage og skule/ ev andre instansar.	Spesialpedagog i barnehage har ansvar for å ta kontakt med skulen	Tidleg innsats
Februar	Innskriving av nye elevar. Skulane nyttar felles innskrivingskjema.	Einingsleiar annonserer i VTB og på heimesida til kommunen.  Rektor sender invitasjon til alle heimane	Heim/skule bli kjende. Skulen informerer om rutinar ved skulen.
	Dele ut heftet "God skulestart" til føresette på innskrivingsdag <a href="https://www.pedlex.no/artikkel/gn15/god-skulestart-nynorsk/">https://www.pedlex.no/artikkel/gn15/god-skulestart-nynorsk/</a>		Rektor/kontaktlærar
Februar	Tveit: Førskulegruppa besøker skulen	Skulen tek initiativ to veker på førehand	Bli kjent med skulebygget og skulen sitt uteområde. Halde kontakt med 1. klassingane.

Påske	Kyrkjebygda: Påskelunsj i regi av helselaget for skulen og 5-åringane	Rektor	
Mai - før førskuledagar Ca 1-2 t.	Generelt overgangsmøte barnehage-skule med ny kontaktlærer.	Ny kontaktlærer	
	1. klasselærer hospiterer i 5- årsgruppa i barnehagen	Ny kontaktlærer	Bli kjent med dei nye 1. klassingane.
	Kyrkjebygda: 1. klasselærer har vore med på leiketime heile året og observert då.		
Mai /Juni (same veka som leirskulen}	Tveit: Førskuledagar, to halve dagar  Foreldra sitt ansvar å frakte borna til aktuell skule.  Ein tilsett frå SFO fortel 5-åringane om SFO og syner dei roma.	Rektor sender ut brev til heimen og til einingsleiar for å sikre informasjon til barnehage. Treungen barnhage har ein vaksen som er med på førskuledagane.	6-åringane skal bli kjende med skulen/bygget, ny lærar. For å trygge overgangen.
Juni	Treungen, Felle og Fjone: 6-årsfest for dei som sluttar i barnehage.  Kyrkjebygda: Felles sommaravslutning for oppvekstsenteret Utdeling av fadder på siste prøveskuletime.	Barnehagen inviterer ny kontaktlærer til festen.  Rektor og styrar  Kontaktlærer 5.-7.	Relasjonsbygging

NB: Hugs på dei borna som ikkje går i barnehagen når barnehage skal besøke skulen/førskuledagar etc.

## Plan for "5-årsklubben" i barnehagane

### Mål:

- Dei som skal overta elevane i 1. klasse får kunnskap om kva dei arbeider med det siste året i barnehagen.
- Dei som overtar elevane i 1. klasse for kunnskapar om kva dei kan forvente av dei nye elevane.

## Overordna plan for 5-åringane barnehagane i Nissedal kommune

### SOSIAL MEISTRING:

<b>Personalet skal hjelpe barnet til:</b>	<b>Innhald:</b>	<b>Forslag til arbeidsmåtar:</b>
<ul style="list-style-type: none"><li>• Å opparbeide sjølvtilitt og vilje til meistring</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Våge å prøve ut nye ting og gje seg sjølv nye utfordringar</li><li>• Vere uthaldande</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Bruke kvardagssituasjonane til å motivere barnet til å bli sjølvhjulpen, og motivere til nye utfordringar.</li><li>• Barna sin medverknad</li></ul>
<ul style="list-style-type: none"><li>• Utvikle sjølvkontroll og merksemd</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Klare å fullføre ei sosial oppgåve</li><li>• Rette merksemd mot noko over tid</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Problemløysing i grupper</li><li>• Leik</li></ul>
<ul style="list-style-type: none"><li>• Meistre overgangssituasjonar og skifte av aktivitetar</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Skape trygge rammer og god oversikt for barna</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Gode rutiner i kvardagen</li><li>• Stasjonsleik</li></ul>
<ul style="list-style-type: none"><li>• Lytte til og utføre beskjeder</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Utvikle og erfare ansvar</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Daglege gjeremål</li></ul>
<ul style="list-style-type: none"><li>• Kjenne til sosiale spelereglar</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Respekt for andre barn og vaksne</li><li>• Turtaking</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Dagleg samspel</li><li>• Problemløysing i grupper</li></ul>
<ul style="list-style-type: none"><li>• Utvikle sjølvkjensle og empati</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Dele med andre og takle nederlag</li><li>• Utvikle evne til å resonnerer over og løyse konflikhtar sjølv</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Problemløysing i grupper</li><li>• Konfliktløysningsstrategi</li><li>• Leik</li></ul>

**SPRÅKLEG MEISTRING**

<b>Personalet skal hjelpe barnet til:</b>	<b>Innhald:</b>	<b>Forslag til arbeidsmåtar:</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunne formidle noko i ei gruppe</li> <li>• Klare å vera i fokus</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• La barnet få høve til å vera i fokus</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• La barnet fortelje eigne historier</li> <li>• La barnet attfortelje innhald med eigne ord</li> <li>• Fortelje frå eigne teikningar</li> <li>• Leik</li> </ul>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunne ulike omgrep, og få ei god forståing for desse</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• La barna få kjennskap til ulike omgrep som f.eks. dyr, klede, kroppen, mat møblar, preposisjonar, fargar, spørjeord</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bildebøkar, biletlotto, språkposar, rørslesongar, rolleleik og eigne erfaringar.</li> <li>• Leik</li> </ul>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunne lytte</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Hjelpe barnet til å bli ein aktiv lyttar</li> <li>• Hjelpe barnet til å reflektere over det som blir fortalt</li> <li>• Kunne ta imot beskjedar – kollektivt/individuell</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lese og syngje for/med barnet</li> <li>• Lytteleiker</li> <li>• Bruke biletbøker</li> <li>• Ulike kvardagssituasjonar</li> <li>• Samlingar</li> </ul>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Få kjennskap til ulike media som t.d. bøker og IKT</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• La barnet få tilgang på bøker</li> <li>• La barnet få kjennskap til teknologi</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lese for barna</li> <li>• Bruke biblioteket</li> <li>• La barna få ta del i bruk av data, ta bilete, leikeskriving på data, kopiering osv.</li> </ul>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Å undre seg og få utforske</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gje barnet rom for undring</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Nysgjerrige vaksne</li> <li>• Arbeide med konkrete forsøk/eksperimentering</li> </ul>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Få kjennskap til rim, regler, vitsar, gåter, songar og eventyr</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Barna møter rim, regler, vitsar, gåter, songar og eventyr i kvardagen</li> <li>• La barna leike med ord, lyd, rim, regler og vitsar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Klappe stavingar, lære rim og regler, syngje, fortelje eigne historier, attfortelje eventyr, dramatisere, bruke språkposar m.m.</li> <li>• Leik</li> </ul>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunne setje ord på kjensler</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Hjelpe barnet til å setje ord på ulike kjensler hos seg sjølv og andre</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bruke reelle situasjonar til å setje ord på korleis dei har det</li> <li>• Songar, bilete, historier</li> <li>• Leik</li> </ul>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ha kjennskap til skriftspråket</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• La skriftspråket vere tydeleg på avdelinga</li> <li>• Skape nysgjerrighet til skriftspråket</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• La barnet sjå den vaksne som les, peik gjerne på bokstavane og orda</li> <li>• Oppmuntre til å</li> </ul>



		leikeskrive <ul style="list-style-type: none"> <li>• La barnet vera med i ulike situasjonar der dei vaksne skriv</li> <li>• La barnet vere med å skape tekstar</li> </ul>
--	--	---

### **MATEMATISK MEISTRING**

<b>Personalet skal hjelpe barnet til:</b>	<b>Innhald:</b>	<b>Forslag til arbeidsmåtar:</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Oppleve glede over å utforske og leike med tal</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Leike med talsymbol og kjenne att nokre tal</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Leik med teljing tidtaking</li> <li>• Telje i kvardagslege rutinar (baking, matlaging, bordekkning, osb.)</li> </ul>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lære seg matematiske omgrep</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Få kjennskap til omgrep som t.d.: stor/liten, tjukk/tynn, tung/lett.</li> <li>• Ordne ting etter storlek og type             <ul style="list-style-type: none"> <li>- Samanlikne og sortere</li> </ul> </li> <li>• Bruke tids- og plasseringsord som seinare, i går og før.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Turtaking, turar, samlingar</li> <li>• Bevisst bruke matematiske omgrep som til dømes: former, storleik, mengder, og rekkjefylgjer som årstider, månader, og vekedagar</li> </ul>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Leike med form og mønster</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kjenne igjen ulike former</li> <li>• Eksperimentere med ulike figurar, former og mønster</li> <li>• Undersøke ulike former, figurar og mønster slik vi møter dei i nærområdet</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Samle og sortere, gjerne i rekkjefølgje og lage grupperingar</li> <li>• IKT</li> <li>• Leik</li> <li>• Lage ulike former og mønster i ulikt materiell</li> </ul>

## Overgang frå småskule til mellomsteg

Mål: God fagleg og sosial overgang frå småskule – til mellomsteg

Tidspunkt:	Tiltak:	Formål, innhald:	Ansvar -initiativ:
<b>Tveit: 4. klasse</b>	Elevane er med i friminutta når dei er på mat og helse. (Tveit)	Bli trygge i miljøet på stor-skulen. Bli kjende med elevane på stor-skulen	4. klasselærer
<b>4. klasse</b>	Elevane i 4. klasse er på besøk på mellomsteget når 7. klasse er på leirskulen. (Tveit)	Bli trygge i miljøet på stor-skulen. Bli kjende med elevane på stor-skulen	4. klasselærer
<b>4. klasse</b>	Orientering på foreldremøte vår i 4. klasse om mellomsteget.	Informasjon	Ny 5 klasselærer eller lagleiar på mellomsteget
<b>April 4. trinn</b>	Overgangsmøte om born med særskilte behov.	Sikre rettane til elevar med særskilte behov.	Gamal og ny kontaktlærer og TPO ped.koordinator
<b>Kyrkje-bygda:</b>	Saman i alle friminutt og mange felles arrangement/prosjekt /turar i løpet av eit år.	Skape samhald og trygge rammer	Rektor og lærarar
<b>4. klasse</b>	Felles garderobe med 5.-7. Nokre gym- og fysiskaktivitetstimar.		Rektor og lærar
	Mellomtrinnskuledag (når 7. er på leirskule)		Rektor og lærar

## Overgang frå mellomsteg til ungdomssteg

### Mål God fagleg og sosial overgang

Tidspunkt:	Tiltak:	Formål, innhald:	Ansvar -initiativ:
<b>5., 6. og 7. trinn</b>	På alle felles treffpunkt som kulturskatt og andre fellesarrangement, sit elevane trinnvis på tvers av skulane.	Naturleg "samanristing", tidleg gruppefellesskap og relasjonsbygging.	Alle lærerar som følgjer til arrangementa
<b>5., 6. og 7. trinn. Planleggast i august kvart år</b>	Ved to av treffpunkta (sjå over) har elevane undervisning på sine trinn, anten før eller etter eit arrangement. Varighet:1-3 timar.	Naturleg "samanristing". Tidlig gruppetilhøyr og relasjonsbygging. Elevane har felles undervisningsarena, ikkje nødvendigvis felles undervisningsopplegg.	Kontaktlærarar
<b>Vår 6. trinn</b>	Informasjon frå PPT til ungdomsskulen. Rettleiing, kompetansetiltak	Gjeld elevar med spesielle behov. Dette kan vere aktuelt tidlegare, PPT vurderer. Viktig å gje informasjon tidleg der det er behov for auka kompetanse i personalet, spesiell tilrettelegging m.m. PPT kan rettleie ungdomsskulen eller tilrå andre tiltak for å førebu seg på overgangen til ungdomsskulen.	PPT/Rektor
<b>September 7. trinn</b>	Planleggingsmøte mellom kontaktlærarane og rektor ved ungdomsskulen	Evaluere førre års arbeid (all aktivitet) og evaluering av planen Frå eldst til yngst, mellomtrinn. Innspel sendast til rektorar. <b>Datofeste og planleggje:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• "Samanristing" av elevane to halve dagar og ein ungdomsskuleprøvedag på ungdomsskulen.</li> <li>• Felles foreldre- og elevmøte i mars-april.</li> <li>• Overgangsmøte for kontaktlærarar/inspektør.</li> <li>• 8 treff mellom jul og vinterferien – Gjerne fordeling mellom Tveit og KB</li> </ul>	Kontaktlærarar, Rektor Tveit og rådgjevar

<b>Februar- mars 7. trinn</b>	Samanristing: 1 halv dag (kan vere samisk aktivitetsdag). *Eit av desse treffa utgår.	Skape godt miljø og relasjonsbygging.	Kontaktlærarar ved skulane Rullering mellom skulane
<b>Mars-april 7. trinn</b>	Felles foreldremøte, elevane deltek	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Informasjon om leirskule og valfag i ungdomsskulen.</li> <li>• Val av klassekontakt.</li> </ul>	Kontaktlærarar Rådgjevar
<b>April 7. trinn</b>	Samanristing: 2 halve dag. *Eit av desse treffa utgår.	Skape godt miljø og relasjonsbygging.	Kontaktlærarar ved skulane Rullering mellom skulane
<b>Mai 7. trinn</b>	Overgangsmøte for kontaktlærarar Inspektøren deltek dersom 8. trinns kontaktlærar ikkje er klar. PPT deltek ved behov.	Utveksle elevmapper; fagleg og sosialt. Sikre ein god overgang og ein god start for alle elevar.	Rektor ved ungdomsskulen kallar inn
<b>Vår 7. trinn</b>	Ungdomsskuleprøved ag	Bli kjende med skulen, skuleleiinga, lærarar m.m. Rektor har samtale med elevane om det som ventar dei i ungdomsskulen. Ev: Førebu leirskule	Rektor og kontaktlærar
<b>April – mai - juni</b>	Leirskule	Skape godt miljø og relasjonsbygging.	Rektorkollegiet
<b>Mai/juni</b>	Overgangsmøte Dele ut heftet "Frå barnesteg til ungdomssteg" til føresette. <a href="https://issuu.com/pedlex/docs/fra_barnetrinn_til_ungdomstrinn_2">https://issuu.com/pedlex/docs/fra_barnetrinn_til_ungdomstrinn_2</a>	Kompetansemål og læringsmål. Info om overgang og det særegne ved u-steget	Rektor og kontaktlærar

## Overgang frå ungdomsskule til vidaregåande skule

### Mål: God fagleg og sosial overgang til vidaregåande skule

Denne planen må sjåast i samanheng med planen for Utdanningsval (som er eit obligatorisk fag på alle steg i ungdomsskulen).

Klasse	Når	Kva skjer	Ansvarleg
8. klasse	Feb/mars	"Jobbskugging" – elevane er med ein vaksen ein dag på arbeid. Elevbok i utdanningsval	Rådgjevar
	9. klasse		
9. klasse	November	Friviljug deltaking på informasjonskveld med dei vidaregåande skulane i Vest-Telemark	Rådgjevar
	Februar	Yrkesmesse på Dalen	Kontaktlærer
	Våren	Utplassering i arbeidslivet: Fem dagar. Jobbavis med lokalt næringsliv. Kurs med NAV: Skrive CV Skrive jobbsøknad Gjennomføre intervju	Rådgjevar
	Våren	Praksiskurs ved vidaregåande skular: To dagar i veke 16-17.	Rådgjevar
	Våren	Kurs: Økonomi og karriereval	Rådgjevar
	Våren	Elevbok i Utdanningsval	Rådgjevar
	Våren	Eventuelt besøk av ulike yrkesgrupper	Rådgjevar
	10. klasse	Innan 1. oktober	Avklare kva for elevar som skal søkje på fortrinnsrett/individuell handsaming.
	Innan 1. oktober	Alt forarbeid til søknad på fortrinnsrett/individuell handsaming skal vere ferdig og sendt til Inntakskontoret.	Rådgjevar i samarbeid med kontaktlærer og TPO-koordinator
	Før haustferien	Foreldremøte: Orientering v/ rådgjevar om formelle sider ved søking til vidaregåande. Minst ein time kurs om VGO med føresette i forkant av foreldremøte	Kontaktlærer Rådgjevar

<b>November</b>	Praksiskurs ved ulike vidaregåande skular. Ein / to dagar i veke 47-48.	Rådgjevar
<b>Januar</b>	Foreldre- /elevmøte/informasjonskveld med dei vidaregåande skulane i Vest-Telemark, i samarbeid med Gimle skule i Fyresdal.	Rådgjevar i samarbeid med kontaktlærar
<b>Januar / februar</b>	Rådgjevar er disponibel for samtale og hjelp med søknader til vidaregåande. (Søknadsfrist: 1. februar og 1. mars)	Rådgjevar
<b>Innan 1. februar</b>	Frist for søknad på individuelt grunnlag/ fortrinnsrett. Rådgjevar hjelper til med søknadene.	Rådgjevar
<b>Februar</b>	Yrkesmesse på Dalen	Kontaktlærar/Rådgjevar
<b>Februar</b>	Ev. besøk av vidaregåande skuler	Rådgjevar
<b>Våren</b>	"Flytte heimanfrå-dag".	Kontaktlærar i samarbeid med psykisk helse og politi
<b>Våren</b>	Elevbok, 10. klasse, i faget utdanningsval	Rådgjevar
<b>Våren</b>	Ev "Lokal yrkesmesse" . Ulike yrkesgrupper kan bli inviterte til å orientere om sine respektive yrke.	Rådgjevar
<b>Våren</b>	Vidaregåande har egne rutinar med opplegg for elevar som søker fortrinnsrett/individuell handsaming med besøk og anna oppfølging.	Rådgjevar
<b>Våren</b>	Elevar som treng ekstra tilrettelegging pga. ymse vanskar, bør bruke Meldingsskjema til vidaregåande om vanskanene sine, som orientering for	Rådgjevar

ekstra tilrettelegging.  
(Møte mellom faglærarar i 10.  
klasse og faglærarar på VGS.)

## Oppfølgingstenesta

Etter oppstart i vidaregåande skule tek fylkeskommunen over oppfølginga av den einskilde eleven. Dersom nokon vel å avslutte opplæringa, eller på annan måte fell ut, blir vedkommande følgd opp av oppfølgingstenesta i fylkeskommunen og av NAV. Nissedal kommune ser at det likevel er behov for å halde tett kontakt med ungdommen vår etter dei er ferdige på ungdomsskulen for å trygge elevane og redusere fråfall.

## Gjennomføring av vidaregåande skule

### Mål: Redusere fråfallet i vidaregåande skule

Nissedal kommune har eit fråfall i vidaregåande skule på 31%, mot eit gjennomsnitt på 20% i fylket. Grunnane til dette er ikkje eintydig, men det er ei samla målsetning om å redusere fråfallet og gjere tiltak som kan bidra til dette.

Både internasjonal og norsk forskning konkluderer med at det skjer ei sosial reproduksjon i skulen. Det vil seie at det er ein samanheng mellom sosial bakgrunn og skulefaglege prestasjonar blant elevane. Relevant forskning peiker på begripa *meistring* og *meistrings tru*, som viktige indikatorar for utvikling av skulefagleg motivasjon og grad av gjennomføring. I den grad eleven opplever skulen som meiningsfylt, kan det og påverke oppleving av meistring.

Forskning viser og at utvikling av tillit mellom lærar og elev er viktig. Overgang mellom dei ulike delane av skuleløpet, og mellom skule og arbeid, kan representere ei utfordring når det gjelder å utvikle trua på eigen meistring, og å gjere hensiktsmessige val av studiar. Forskinga indikerer og at prosessen med å utvikle tru på eigen meistring og engasjement i skulefaglege aktiviteter starter tidleg.

Tiltaka i denne planen er todelte. Det eine handlar om *førebygging*, som gjerast gjennom heile oppveksten og skuletida. Den andre delen i planen handlar om tiltak som kan gjerast *før* og *etter* at elev starter i vidaregåande skule og gjennom alle åra på vidaregåande skule.

Den fyrste delen om *førebygging*, handlar mellom anna om identitet, tryggleik, mål og motivasjon. Alle disse faktorane er ikkje noko nytt som kjem av seg sjølv når ein elev startar på vidaregåande skule, men blir påverka over fleire år. Så ein del av tiltaka som blir foreslått her er knytt til tiltak som ein må sette inn i alle skuleåra og ha fokus på over fleire år. Spesielt å skape identitet og tryggleik tar tid og er spesielt viktig i tidlege år.

Ny læreplanar for skulen legg opp til at elevane skal utvikle seg på fleire felt enn dei reint faglege. Ikkje minst skal skulen støtte og bidra til elevane si sosiale læring og utvikling gjennom arbeid med faga og i skulekvardagen.

Men den nye læreplanen legg også vekt på å utvikla og styrke eleven si identitet og sjølvbilete, meiningar og haldningar, som blir til i samspel med andre. Sosial læring skjer både i undervisninga og i alle andre aktivitetar i skulen si regi. Fagleg læring kan ikkje isolerast frå sosial læring. I dei nye planane skal skulen legge til rette for læring innanfor dei tre tverrfaglege tema: *Folkehelse og livsmeistring, demokrati og medborgarskap, og bærekraftig utvikling.*

Nissedalsskulen har difor dei siste to åra førebudd seg og jobba for å møte dei nye krava i læreplanen, der fokuset i undervisninga i større grad er retta mot dei nye lærestrategiane. Ideen om demokrati og elevmedverknad vil står sentralt i alt arbeid. Lærarane vil frå fyrste år jobbe med å gjere elevane trygg på eigen identitet, seie si meining og ha høve til å påverke sin eigen og klassa sin kvardag og innhald.

Av tiltak som ein kan sette i gang etter at elevane har byrja på vidaregåande skule, kan det sjå ut som om rettleiing har god effekt, spesielt i grupper. Sjølv om ein elev er ferdig med den obligatoriske grunnskulen, og må flytte utanfor kommunen for å byrje på ei utdanning, så treng ein ikkje å bryte banda til skulen og hjelpeapparatet i heimkommunen. Det er ikkje uvanleg i Noreg at overgang frå barn til vaksen skjer brått og utan noko plan for oppfølging. Når ein elev blir vaksen «over natta» kjem ein brått på nye arenaer, møter nye krav og nye eller ingen støtteapparat. For dei fleste menneske er det enklare å støtte seg på noko som er kjend og ein har tillit til, enn å stå aleine på ny studiestad og leite etter nokon å støtte seg på. Sjølv sagt finns det elevar som set stor pris på å starte ei ny etappe i livet med «blanke ark», og som helst ikkje vil ha noko med skulen og heimbygda å gjere, som ein må respektere. Men det er liten tvil om at overgangen frå barn til vaksen blir for stor for mange.

I Nissedal ynskjer vi å opprette eit rettleiingstilbod til elevar som går ut av ungdomsskulen, og som vil få oppfølging gjennom vidaregåande skule. Det vil vere Nissedal ungdomsskule og helsetenesta i kommunen som tek seg av oppfølginga, og det er sentralt at ein trygg lærar frå avgangsklassa fylgjer elevane. Den fyrste samlinga vil bli i august før skulen startar, og så vil det vere ny samling allereie i september fordi dei fyrste vekene er avgjerande.

Det vil og vere mogleg å ha individuelle samtalar og halde kontakt på sosiale media. Om det er elevar som slit psykisk vil psykisk-helse-tenesta kunne hjelpe. Det vil undervegs bli aktuelt å hjelpe eleven med å søke om tilrettelegging ved den vidaregåande skulen, eller hjelpe til med å finne andre individuelle tiltak som leksehjelp eller helsetenester.

Det vil vere tett oppfølging det fyrste året på vidaregåande skule, og noko mindre andre året. Etter andre året må ei vurdere om nokon treng individuell oppfølging.

<b>Klasse</b>	<b>Når</b>	<b>Kva skjer</b>	<b>Ansvarleg</b>
1.-10. klasse	Heile året	Eleven si identitet og sjølvbilete, meiningar og haldningar skal vere ein raud tråd gjennom alle skuleåra.	Tilsette ved skulen
1.-10. klasse	Heile året	Tema <i>Folkehelse og livsmeistring, demokrati og medborgarskap, og</i>	Tilsette ved skulen



		<i>berekraftig utvikling</i> skal stå sentralt i alle skuleåra.	
Etter 10.klasse	Byrjinga av august	Grupperettleiing før skulestart på vgs	Kontaktlærar/rektor
Vg1	September	Grupperettleiing etter skulestart	Kontaktlærar/rektor
Vg1	November	Grupperettleiing haust	Kontaktlærar/rektor
Vg1	Slutten av desember/starten av januar	Grupperettleiing	Kontaktlærar/psykisk helsearbeidar
Vg1	Februar	Individuelle vurdering: Nokon som treng å søke om tilrettelegging? Samtale om psykisk helse?	Kontaktlærar/psykisk helsearbeidar
Vg1	April/Mai	Grupperettleiing før avslutning av skuleåret	Kontaktlærar/rektor
Vg2	August	Grupperettleiing før oppstart Vg2	Kontaktlærar/rektor
Vg2	Desember	Grupperettleiing	Kontaktlærar
Vg2	Mai	Grupperettleiing Vurdere behovet om elevane treng meir retteiing, eventuelt individuell oppfølging.	Kontaktlærar/Psykisk helsearbeidar